

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
075/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
047/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Monika Kvamme	FE-144, FE-441, HistSak-14/916	20/234

Skifte av namn på smitteoverlege i smittevernplan i samband med overlegepermisjon

Framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

Formannskapet - 075/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er ønskjeleg å endra planar slik at roller er knytte til funksjon og ikkje namn, både generelt og i dette konkrete tilfellet for Smittevernplanen.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon, og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

Kommunestyret - 047/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Saka gjeld å legge funksjon inn i plan istaden for namn.

Handsaming i kommunestyret:

Vedtaket vert samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å endra planar der namn står til funksjon og at det vert gjennomgåande i kommunale planar at det vert nytta tittel/funksjon i staden for namn.

I smittevernsplanen vert namn endra med funksjon, slik at det til ei kvar tid er fungerande smitteoverlege som har ansvar for smittevernet i Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Peter Kubon skal ut i overlegepermisjon frå 01.09.21 og til desember 2022. I samband med dette vert smittevernsplanen oppdatert med korrekt namn/ funksjon om smittevernsoverlege. Det må også inn vara for fungerande smitteoverlege.

I Austrheim kommune sin smittevernplan vert Peter Kubon sitt namn som smitteoverlege skifta ut med Jarle Gallefoss. Inn som vara for Jarle Gallefoss kjem kommunelege Laila Husa.

I ein del av dei kommunale planane ser ein at det står oppført namn og ikkje tittel/funksjon. Ein ser dette som uheldig at det er knytta opp til personar då personar kan vere fråverande over lengre tid i permisjon eller liknande eller at tilsette sluttar. Det er difor meir tenleg at det i planane er knytta til funksjon/tittel, framfor namn.

Kommunedirektøren ber difor om fullmakt til å endra kommunale planar der det er oppført namn, til å endra til funksjon/tittel. Ein konsekvens av å ikkje gjere endringa, er at alle planar må opp til ny handsaming dersom det vert endring på namn. Dette vil ikkje vera naudsynt om det er knytta til funksjon.

